



HERØY KOMMUNE

FELLESSEKRETARIATET

BARNE OG FAMILIEDET	MASS ARK.
ARKIVNR.: 330.00	
19 JAN 2005	
SAKSBEH:	SIGN.
SAKSNR. 200404189	

-552

Dato: 18.01.2005

Journal: 2004/000003

Arkiv: 024-A10-&13

Vår ref.: ENR

Dykkar ref.:

Dykkar brev av:

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV FRÅ HERØY KOMMUNE.

Viser til uttale datert 03.01.05 frå Herøy kommune. Herøy formannskap handsama saka i møte den 12.01.05, F-sak 6/05 og kjem med slik samrøystes uttale i saka:

(Uttalen er endra i høve til den først tilsende. Endringa er markert med feit skrift til sist i uttalen).

"Herøy kommune synest det er positivt at det blir arbeidd for at barnehagelova skal styrke føresetnadene for at barnehagane kan gi barn omsorg og eit godt pedagogisk tilbod, samt forenkla regelverket slik at det blir ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer.

Det som mest vil bidra til å gi barnehagane denne føresetnaden er etter vår meining å sikre dagens krav til førskulelæruddanning for både styrarar (dagleg leiar) og pedagogiske leiarar samt vidareføre dagens norm om pedagogtettleik.

Dette vil sikre at barnegruppene ikkje blir for store. Blir barnegruppene større og personalet med førskulelæruddanning færre, vil det bli svært vanskeleg å oppfylle barnehagelova sitt krav om kva innhaldet i barnehagane skal vere.

Den økonomiske situasjonen er ikkje slik i kommunane og i dei private barnehagane at vi trur det blir tilsett fleire førskulelærarar dersom kravet om utdanning blir oppheva.

Dagens lov gir ei god hjelp til administrasjonen i kommunane om å kreve at ein lyser ut i pressa etter personale med førskulelæruddanning før ein eventuelt må gi dispensasjon frå utdanningskravet.

For å sikre barn i barnehage gode leike - og opphaldsareal, er det viktig å praktisere eit minstemål av arealnorm utan at dette treng vere fastsett i overordna vedtekter.

Kommunane får utvida sitt ansvarsområde, og det ser ut til at det blir lagt opp til meir bruk av skjønn. Skal kommunane kunne utøve si plikt som barnehagemyndigheit, er det viktig med barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen.

Herøy kommune ser positivt på at den kristne formålsparagrafen blir vidareført samt endringane i §2, kap II §3, kap II §§6, 7, 8 og 9.

Staten har praktisert for stor grad av detaljstyring overfor kommunane på barnehagedrifta. Dette strid mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre, og endringa i barnehagelova bør byggje på prinsippet om reell lokalt sjølvstyre.

Dei statlege løyvingane gjennom inntektssystemet må avspegle kostnadsnivået knytt til lovfesta krav til barnehagedrift.”



Else Nordstrand Reite
e.f.

Kopi:

Foreldre Huldal foreldreeigde barnehage
Foreldre i Leikanger barnehage
Foreldre i Trollia barnehage
Foreldre i Nerlandsøy barnehage
Utdanningsforbundet i Herøy
Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga